Når?
Laurdag 15.november kl 18 til søndag 16.november kl 1230

For kven?
Alle som er fødde i 2014 og 2015

Kva skjer?
Aktivitetar, leik, læring OG overnatting i kyrkja!

Pris?
Gratis!

Ansvar?
Den norske kyrkja i Ørsta, ved sokne-prest Espen Aarseth og kyrkjelydsprest Kristian Myklebust

Spørsmål? Kontakt Kristian Myklebust
tlf 905 95  410 eller kristian@orsta.kyrkja.no

kyrkja.no/ørsta

DEN NORSKE KYRKJA
Hjørundfjord sokn

LYS VAKEN

Velkommen til

# Lys vaken!

DEN NORSKE KYRKJA
Hjørundfjord sokn





LYS VAKEN er eit kjekt tilbod for dei som er 10 og 11 år i år. Vi inviterer til forskjellige aktivitetar, mat, leik og læring- og ikkje minst til å OVERNATTE I KYRKJA!

## Kva er Lys vaken?

LYS VAKEN er eit tilbod til alle som er fødde i 2014 og 2015. Alle som er fødde dette året, og som er medlem i Den norske kyrkja, vert invitert.*

LYS VAKEN skal vere ein kjekk kveld og natt i kyrkja, der du får vere saman med andre, delta på kjekke aktivitetar og bli betre kjend i kyrkja vår

LYS VAKEN blir leia av tilsette i kyrkja.

## Litt om programmet

Lys vaken tek til **laurdag 15.november kl 1800 i Hjørundfjord kyrkje.**
Utover kvelden skal vi mellom anna ete i lag, gjere forskjellige oppgåver inne og ute, leike og ha det kjekt saman.

Vi skal også øve til gudstenesta **søndag 16.11 kl 11**. Her blir LYS VAKEN-deltakarane med, og vi håper at mange føresette, sysken og andre vil vere med. 2015-kullet får også utdelt bibelbok.



## Viktig informasjon til vaksne

Lys vaken skal vere trygt å delta på. Vi ber difor om at de kontaktar oss ved påmelding dersom det er særlege behov vi bør kjenne til

For å gjennomføre LYS VAKEN med overnatting, er vi avhengig av at nokre føresette kan stille som nattevakt. Les meir om dette i påmeldingsskjemaet. Dersom ingen kan stille, gjennomfører vi LYS VAKEN utan ovenatting.

## Påmelding

For å vere med på Lys vaken må du melde deg på seinast torsdag 13. november.

Du melder deg på ved å scanne QR-koda over, eller gå inn på www. kyrkja.no/lysvakeniørsta og melde deg på via linken der.

*Kjenner du nokon som ikkje er medlem i kyrkja, men har lyst å vere med? Be dei kontakte oss, så ordnar vi det!